

Handlingsplan for studieåret 2020/2021

Vedteke: 15.09.2020

Revidert: 09.03.2021

1 Studentparlamentets handlingsplan tek føre seg Studentparlamentets prioriteringar det
2 kommande studieåret. Dokumentet fastset kva mål Studentparlamentet og arbeidsutvalet
3 skal arbeida for å oppnå i studieåret 2020/2021

4 Kapittel 1: Studentdemokratiet

5 1.1 Informasjonsflyt

6 Studentparlamentet skal:

- 7 a) Sørgja for god kommunikasjonsflyt mellom ledda i studentdemokratiet
- 8 b) Ha ei oppdatert nettside med tilgjengeleg informasjon om tillitsvaldsrolla og
9 studentdemokratiet på norsk og engelsk.
- 10 c) Utforska meir oversiktlege måtar å formatera sakspapir på, og utforska ulike måtar å
11 visa endringsforslag på under parlamentsmøter.
- 12 d) Vera til stades på Kjeller minst ein gong i veka.

13 1.2 Tillitsvalde

14 Studentparlamentet skal:

- 15 a) Vurdera forslag og tiltak for å sikra studentane si medverkingsrett i
16 kvalitetssikringsdokument på OsloMet.
- 17 b) Arbeida for eit sentralt registreringssystem for tillitsvalde ved institusjonen.
- 18 c) Arbeida for auka deltaking ved val og engasjement i studentfriviljugskapa.
- 19 d) Gje nye tillitsvalde tilstrekkeleg opplæring, kursing ved behov og rettleiing om
20 nødvendig.
- 21 e) Arbeida for at tilsette gjer emneevalueringar frå tidlegare emnar tilgjengelege for
22 tillitsvalde.

23

24 1.3 Tilsette

25 Studentparlamentet skal:


- 26 a) Arbeida for ei kvalitetsheving av tillitsvaldssystemet, med fokus på
27 kompetanseheving blant tilsette om samansetjing, funksjon og ansvar.

28 Kapittel 2: Berekraft

29 2.1 Synlegheit

30 Studentparlamentet skal:

- 31 a) Sørgja for at grønt OsloMet får auka merksemd og større innverknad i miljøspørsmål
32 som førekjem på universitetet.



- 33 b) Arbeida for at OsloMet aktivt synleggjer samarbeid om og forpliktinga til klima og
34 berekraftmåla som universitetet har inngått.

35 **2.2 Klima og miljø**

36 Studentparlamentet skal:

- 37 a) Arbeida for at OsloMet blir ein nullutsleppsinstusjon innan 2030.
38 b) Arbeida for at OsloMet gjennomfører eit årleg klimarekneskap.
39 c) Arbeida for at klimakrisa vert gjeven den merksemda den treng ved institusjonen.

40 **Kapittel 3: Utdanning, fag og forskning**

41 **3.1 Forsking og utvikling**

42 Studentparlamentet skal:

- 43 a) Arbeida for at studentar i større grad involverast i forskning ved OsloMet.
44 b) Arbeida for å sikra at studentar som deltek i forskingsprosjekt ved institusjonen ikkje
45 vert utnytta som billeg arbeidskraft.
46 c) Avhalda ein workshop rundt problematikken ved kravet om prosent av
47 førstekompetanse hos tilsette på universitetet.

48 **3.2 Utdanning**

49 Studentparlamentet skal:

- 50 a) Arbeida for ei digital kompetanseheving blant fagleg tilsette ved bruk av digitale
51 verktøy, til dømes Canvas og Zoom.
52 b) Arbeida for at enkelte førelesingar skal gjerast tilgjengelege digitalt ved behov
53 fram til korona ikkje lenger påverkar studiekvardagen.
54 c) Arbeida for at studentar ved OsloMet skal ha høve til å klaga ved alle eksamenar.
55 d) Arrangera eit seminar om eksamensform for studentar og tilsette.
56 e) Gjera ei evaluering av rutineane for skikkaheitsvurdering.
57 f) Jobba for at grunngjeving automatisk sendast ut saman med karakterutgjeving.
58 g) Sørgja for at studentar ikkje blir gitt fråvær for å ha av kamera på Zoom- eller
59 liknande digitale undervisning.
60 h) Arbeida for å ivareta og styrka studentars rettar knytte til ekstraordinært fråvær
61 og tilretteleggingsbehov ved arbeidskrav, obligatorisk oppmøte og især under
62 praksis.
63 i) Arbeida for at eksamen sjåast som ein læringssituasjon, grunngjeving for karakter
64 vert utlevert saman med eksamenskarakter, og at grunngjevinga inneheld
65 forbetringspotensiale og element som gjer studenten trygg på at det er sitt
66 eksamenssvar som er vurdert.

68 **3.3 Praksis**

69 Studentparlamentet skal:



- 70 a) Ivareta studentanes rettar for god praksisopplæring i alternative digitale
71 praksissituasjonar gjennom Covid-19.
72 b) Arbeida for å betra informasjonsflyten mellom praksisstad, studiestad og
73 studentane.
74 c) Arbeida for at alle bachelorstudentar ved OsloMet skal ha høve til praksis eller
75 tilsvarande.
76 d) Arbeida for å sikra ein komfortabel og konfliktfri overgang frå undervising til
77 praksis.
78 e) Arbeida for å gjera praksisordninga på OsloMet gratis for studentar ved
79 institusjonen.

80 Kapittel 4: Læringsmiljø og mangfald

81 4.1 Campusutforming

82 Studentparlamentet skal:

- 83 a) Arbeida for meir inkluderande, universelt utforma, grønne og attraktive campus med
84 tilstrekkelege og universelt utforma alarmsystem.
85 b) Følgja opp campusutviklinga i Romerike og utarbeida ei liste over studentanes krav til
86 ny campus.
87 c) Sørgja for at mengda studentareal (undervisningsrom, grupperom, lesesalsplassar
88 o.l.) må samsvara med ei aukande studentmasse på OsloMet.
89

90 4.2 Studentvelferd

91 Studentparlamentet skal:

- 92 a) Arbeida for at OsloMet skal følgja opp ShoT-tala.
93 b) Arbeida for fleire tiltak for betre trivsel blant studentane.
94 c) Arbeidsutvalet skal hjelpa til med å oppretta ein studentpub på campus Kjeller

95 4.3 Mangfald


96 Studentparlamentet skal:

- 97 a) Arbeida aktivt for å inkludera internasjonale studentars interesser og synspunkt i
98 større grad.
99 b) Arbeida for utvida kapasitet av omsetjingstenestene ved OsloMet.

100 4.4 Læringsmiljø

101 Studentparlamentet skal:

- 102 a) Følgja opp korleis masterstudentar blir mottatt ved studiestart og om ein har fylt
103 behovet for læringsmiljøet deira gjennom blant anna mastersalsplassar.
104 b) Arbeida for å styrka inkludering av, og identitetsfølelsen til, studentane ved
105 OsloMet gjennom First Year Experience (FYE-nettverket).



- 106 c) Arbeida for at DGS sitt arbeid blir involvert i utviklinga av studiekvalitet på
107 OsloMet. Vidare bør Læringsmiljøutvalet bli prioritert og inkludert i saker som
108 angår læringsmiljø.
- 109 d) Arbeida for at OsloMet sine digitale plattformer blir universelt utforma, då
110 lovkravet om universelt utforma digitale ressursar trådde i kraft januar 2021.
- 111 e) Sikra kompensasjon for arbeid utført av studentar på OsloMets vegne utanom
112 ordinær studietid.

113 Kapittel 5: Dokumenter

114 Studentparlamentet skal:

- 115 a) Fullføra revideringa av Politisk dokument om Utdanning.
- 116 b) Revidera Politisk dokument om berekraft og miljø.
- 117 c) Revidera Politisk dokument om internasjonalisering.